



Møtebok

Utval: Fjordane interkommunalt politisk råd
Møtestad: Sunnfjord rådhus, Jølstra 4. etasje
Dato: 23.06.2026
Tid: Kl. 10:30 - 14:30

Følgjande medlem møtte

Arnar Kvernevik
Bengt Solheim-Olsen
Jenny Følling
Kjell Eide
Leif Jarle Espedal
Ole André Klausen
Per Kjøllesdal
Petter Sortland
Judith Margrete Kvåle

Parti

AP

Forfall

Anne Kristin Førde
Gunn Åmdal Mongstad

Parti

Varamedlem

Svein Olav Senneset
John Sigfred Hugøy

Parti

Møteleiar: Leif Jarle Espedal

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
26/017	Godkjenning av innkalling og saksliste
26/018	Godkjenning av møteprotokoll
26/019	Referatsaker
26/020	Orienteringssaker 23.06.2026
26/021	Høyring- NOU 2026:4 Kjernekraft i Norge
26/022	Høyring- endringar i organisasjonsstrukturen for dei geografiske driftseiningane i Vest politidistrikt
26/023	Høyring - endringar i reglande om interkommunalt samarbeid
26/024	Rullering av NTP- status på vegprosjekt i Fjordane



Arkiv: FE-033
JournalpostID: 26/31110
Saksbehandlar: Elisabeth Birkeland
Hatlenes
Dato: 18.06.2026

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
26/017	Fjordane interkommunalt politisk råd	23.06.2026

Godkjenning av innkalling og saksliste

Leiar si tilråding:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Fjordane interkommunalt politisk råd 23.06.2026:**Handsaming:**

Ber om at det vert lagt til ei sak til saklista:

Søtteskriv til Sunnfjord kommune om Skei som typisk turiststad.

Kommentar: Ei sak for regionrådet kan vere å sjå på regelverket knytt til "typisk turiststad" på eit seinare tidspunkt.

FIPR- 26/017 Vedtak:**Leiar si tilråding:**

1. Innkalling og sakliste vert godkjent.
2. Regionrådet legg til ei ekstra sak til saklista
3. Regionrådet støttar støtteskrivet på Skei som typisk turiststad.



Arkiv: FE-033
JournalpostID: 26/30769
Saksbehandlar: Elisabeth Birkeland
Hatlenes
Dato: 17.06.2026

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
26/018	Fjordane interkommunalt politisk råd	23.06.2026

Godkjenning av møteprotokoll

Leiar si tilråding:

Møteprotokollen frå sist møte vert godkjent.

Vedlegg i saka:

11.05.2026	Protokoll - Fjordane interkommunalt politisk råd - 08.05.2026	1850736
------------	--	---------

Fjordane interkommunalt politisk råd 23.06.2026:**Handsaming:****FIPR- 26/018 Vedtak:****Framlegg til vedtak frå regionrådet:**

Møteprotokollen frå sist møte vert godkjent.



Arkiv: FE-033
JournalpostID: 26/31111
Saksbehandlar: Elisabeth Birkeland
Hatlenes
Dato: 18.06.2026

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
26/019	Fjordane interkommunalt politisk råd	23.06.2026

Referatsaker

Leiar si tilråding:

Refererte saker vert tekne til vitande slik dei ligg føre.

Underliggende saker:

- 1, Brev til Samferdselsministeren om regionale ruteflygningar i Sør-Noreg
- 2, Kvittering på innsendt svar på Fjordane interkommunalt politisk råd
- 3, Kvittering på innsendt svar på Fjordane interkommunalt politisk råd

Fjordane interkommunalt politisk råd 23.06.2026:

Handsaming:

FIPR- 26/019 Vedtak:

Framlegg til vedtak i regionrådet:

Refererte saker vert tekne til vitande slik dei ligg føre.



Arkiv: FE-033
JournalpostID: 26/30768
Saksbehandlar: Elisabeth Birkeland
 Hatlenes
Dato: 17.06.2026

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
26/020	Fjordane interkommunalt politisk råd	23.06.2026

Orienteringssaker 23.06.2026

Orienteringar

1. Orientering om endring i organisasjonsstrukturen for geografiske driftseiningar i Vest politidistrikt v/ Dag Fiske, Politiet
2. Orientering om måloppnåing i GDE S/F v/ Dag Fiske, Politiet
3. Orientering om Atløysambandet v/ Ole Andre Klausen, ordførar i Askvoll
4. Orientering om Stad Skipstunnel v/ Judith Kvåle, ordførar i Stad

Leiar sitt framlegg til vedtak:

Regionrådet tek orienteringane til vitande.

Vedlegg i saka:

17.06.2026	Har fylkeskommunen råd til å sei nei til Atløysambandet	1862812
17.06.2026	Region Fjordane ber fylkestinget halde på Atløysambandet	1862813

Fjordane interkommunalt politisk råd 23.06.2026:

Handsaming:

Kommentarar til orienteringssakene:

1. Orienteringa frå politiet kan vere aktuell som ei orienteringssak i formannskapa.
2. Regionrådet meiner at ein bør bearbeide opplysningar og informasjonen slik at vi kan bruke det ved seinare høve.

FIPR- 26/020 Vedtak:

Framlegg til vedtak i regionrådet:

Regionrådet tek orienteringane til vitande.

**Arkiv:****JournalpostID:** 26/30798**Saksbehandlar:** Elisabeth Birkeland
Hatlenes**Dato:** 17.06.2026**Saksframlegg**

Saksnr.	Utval	Møtedato
26/021	Fjordane interkommunalt politisk råd	23.06.2026

Høyring- NOU 2026:4 Kjernekraft i Norge**Bakgrunn for saka:**

Energidepartementet har sendt NOU 2026:4 Kjernekraft i Norge på offentlig høyring med frist 8. oktober 2026. Utgreiinga vurderer kjernekraft som ei mogleg framtidig kraftkjelde i Noreg og tek for seg spørsmål knytt til teknologi, regulering, organisering, energisystem og samfunnsaksept. Regionrådet må ta stilling til om Region Fjordane skal gje ei høyringsuttale, og eventuelt kva synspunkt regionen ønskjer å løfte fram i høyringa.

Leiar sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Vedlegg i saka:

17.06.2026	Høringsbrev - offentlig høring av NOU 2026:4 Kjernekraft i Norge	1862369
------------	--	---------

Fjordane interkommunalt politisk råd 23.06.2026:**Handsaming:**

Kommentar:

FIPR- 26/021 Vedtak:**Framlegg til vedtak i regionrådet:**

Regionrådet har drøfta saka og har ikkje tatt stilling på noverande tidspunkt om ein skal gje høyringssvar på NOUen.

Saksopplysningar:

Energidepartementet har sendt NOU 2026:4 Kjernekraft i Norge på offentlig høyring med frist 8. oktober 2026. Utgreiinga er utarbeidd av Kjernekraftutvalet, som vart oppnemnt av regjeringa i 2024 for å vurdere kjernekraft som ei mogleg framtidig kraftkjelde i Noreg. Utvalet har gjort ei brei gjennomgang av teknologiske, regulatoriske, økonomiske, energifaglege og samfunnsmessige sider ved ei eventuell innføring av kjernekraft i det norske kraftsystemet. Rapporten omtalar mellom anna ulike kjernekraftteknologiar, behov for lov- og regelverksendringar, organisering av myndigheitsansvar, forholdet til det norske energisystemet og spørsmål knytt til tryggleik, etikk og samfunnsaksept.

Departementet inviterer kommunar, fylkeskommunar, næringsliv, organisasjonar og andre interesserte til å gi innspel til utvalet sine vurderingar og tilrådingar. Regionrådet drøftar om Region Fjordane skal sende ei høyringsuttale, og eventuelt kva perspektiv og synspunkt regionen ønskjer å løfte fram i høyringa. [NOU 2026:4 Kjernekraft i Norge](#)

Vurdering:

NOU 2026:4 Kjernekraft i Norge er ei omfattande utgreiing som tek opp eit komplekst og omdiskutert tema med stor betydning for framtidig energipolitikk og kraftforsyning i Noreg. Utgreiinga omfattar både teknologiske, økonomiske, regulatoriske og samfunnsmessige problemstillingar som vil kunne få konsekvensar for kommunar, næringsliv og energisystemet over tid.

Region Fjordane arbeider aktivt med spørsmål knytt til krafttilgang, verdiskaping og energiomstilling, og temaet kan difor vere relevant for regionen. Samstundes vil ei eventuell høyringsuttale krevje nærare vurdering av utvalet sine tilrådingar og kva spørsmål som er særleg viktige for kommunane i regionen. Regionrådet må på denne bakgrunnen ta stilling til om det er ønskjeleg å utarbeide ei høyringsuttale.



Arkiv:

JournalpostID: 26/30778

Saksbehandlar: Elisabeth Birkeland
Hatlenes

Dato:

17.06.2026

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
26/022	Fjordane interkommunalt politisk råd	23.06.2026

Høyring- endringar i organisasjonsstrukturen for dei geografiske driftseiningane i Vest politidistrikt**Bakgrunn for saka:**

Det er sendt ut høyringsbrev til kommunane i gamle Sogn og Fjordane med frist 1. oktober. Politiet er invitert til møte for å orientere til saka.

Leiar sitt framlegg til vedtak:

Regionrådet drøftar saka og ber om at det vert utarbeidd eit høyringssvar som tek utgangspunkt i innspel som vert drøft i møtet.

Vedlegg i saka:

17.06.2026	Høyringsbrev – endringar i organisasjonsstrukturen for dei geografiske driftseiningane i Vest politidistrikt	1862236
------------	--	---------

Fjordane interkommunalt politisk råd 23.06.2026:**Handsaming:**

Kommentarar til saka:

- Behalde kompetanse på stasjonane
- Arbeide med førebygging
- Innhald knytt til tilpassa politistasjon (miniumum krav) og meir til staderverelse.
-

FIPR- 26/022 Vedtak:**Framlegg til vedtak i regionrådet:**

1. Regionrådet drøftar saka og ber om at det vert utarbeidd eit høyringssvar som tek utgangspunkt i innspel som vert drøft i møtet.

2. Sekreteriatet følger særleg opp Bremanger og Solund

Saksopplysningar:

Saka gjeld framlegg til endringar i organisasjonsstrukturen for dei geografiske driftseiningane i Vest politidistrikt. Bakgrunnen er behovet for å møte nye utfordringar knytt til tryggleik, kriminalitetsutvikling, teknologi, demografiske endringar og trongare økonomiske rammer.

Politidistriktet føreslår å redusere talet på politistasjonsdistrikt frå 14 til 9, etablere fleire tilpassa politistasjonar og fase ut enkelte politistasjonar som over tid ikkje har hatt eit reelt polititilbod. Samstundes skal dei tre geografiske driftseiningane oppretthaldast. For kommunane i Sogn og Fjordane inneber framlegget relativt små organisatoriske endringar, mellom anna at Gloppen vert flytta til Nordfjord politistasjonsdistrikt og at Bremanger får status som tilpassa politistasjon.

Politiet legg til grunn at lokal nærleik i større grad skal sikrast gjennom mobile møteplassar, digitale løysingar og målretta nærvær. Kommunane er inviterte til å gi innspel til dei føreslåtte endringane, eventuelle sårbarheiter og korleis samarbeidet mellom politi og kommune kan vidareutviklast.

Vurdering:

Region Fjordane registrerer at dei føreslåtte endringane i avgrensa grad påverkar kommunane i tidlegare Sogn og Fjordane samanlikna med andre delar av Vest politidistrikt. Det er positivt at dei tre geografiske driftseiningane blir vidareførte, og at politiet legg vekt på å oppretthalde førebyggjande arbeid, beredskap og samarbeid med kommunane.

Samstundes inneber framlegget ei endra forståing av korleis nærleik til innbyggjarane skal ivaretakast, med større vekt på mobile og digitale løysingar. Region Fjordane legg til grunn at dette må følgjast opp slik at innbyggjarane framleis opplever god tilgang til polititenester og eit synleg politi i lokalsamfunna.



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
26/023	Fjordane interkommunalt politisk råd	23.06.2026

Høyring - endringar i reglande om interkommunalt samarbeid**Bakgrunn for saka:**

Kommunal- og distriktsdepartementet har sendt på høyring forslag til endringar i reglane om interkommunalt samarbeid etter kommunelova. Forslaga gjeld mellom anna kommunale oppgåvefelleskap, vertskommunesamarbeid og interkommunale politiske råd. Høyringsfristen er 1. oktober 2026. Saka vert lagt fram slik at regionrådet kan ta stilling til om Region Fjordane skal sende inn høyringsuttale

Leiar sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Fjordane interkommunalt politisk råd 23.06.2026:**Handsaming:**

Kommentar til saka:

- Nokre mindre endringar knytt til IPR
- Nokre mindre endringar og førebels vanskeleg å sjå konsekvensane av endringane
- Mogleg tema til formannskapskonferansen

FIPR- 26/023 Vedtak:**Framlegg til vedtak i regionrådet:**

Regionrådet har drøfta saka og ikkje teke stilling til høyringa på noverande tidspunkt.

Saksopplysningar:

Kommunal- og distriktsdepartementet har sendt ut forslag til endringar i reglane om interkommunalt samarbeid etter kommunelova på offentleg høyring. I høyringsnotatet foreslår departementet

mellom anna å:

- opne for at kommunale oppgåvefellesskap kan få delegert mynde til å fatte enkeltvedtak og utøve anna offentleg mynde, og gjere nødvendige tilpassingar i regelverket som følgje av dette
- presisere og klargjere reglane om kommunale oppgåvefellesskap og interkommunale politiske råd
- opne for administrativt vertskommunesamarbeid mellom kommunar og fylkeskommunar om oppgåver dei har felles
- avvikle moglegheita for å ha felles, folkevald nemnd i vertskommunesamarbeid.

Departementet ber ein om å vurdere om saka bør leggjast fram for underordna organ eller andre som ikkje er nemnde i høyringslista. Kommunale oppgåvefellesskap og interkommunale politiske råd som er registrerte i Einingsregisteret, er inkluderte blant høyringsinstansane, men departementet har ikkje oversikt over samarbeid som ikkje er registrerte. Departementet ber difor kommunar og fylkeskommunar syte for at alle interkommunale politiske råd og kommunale oppgåvefellesskap får informasjon om forslaga og høve til å uttale seg. Høyringsnotatet kan du lese her: [høyringsnotat](#)

Vurdering:

Forslaget omfattar fleire endringar i regelverket for interkommunalt samarbeid etter kommunelova. Endringane tek sikte på å gi kommunar og fylkeskommunar større fleksibilitet i organiseringa av samarbeid, samstundes som regelverket blir tydelegare og meir oversiktleg. Fleire av forslaga kan få betydning for korleis kommunane organiserer felles tenester og samarbeidsløysingar i framtida. På oppdrag fra Kommunal- og distriktsdepartementet har Oxford Research fått i oppgåve å evaluere kommunelova av 2018. Delleveransen kan du lese her: [Delleveranse - Oxford research](#)

Høyringa omfattar både generelle endringar i regelverket for interkommunalt samarbeid og endringar som gjeld interkommunale politiske råd. For kommunane i Region Fjordane kan dei generelle endringane få betydning for korleis ein organiserer samarbeid om tenester og myndigheitsutøving i framtida. Forslaga om utvida moglegheiter for delegering og nye samarbeidsformer mellom kommunar og fylkeskommunar kan gi større fleksibilitet, men kan også få konsekvensar for styring, ansvar og demokratisk kontroll.

For Region Fjordane er det særleg relevant å vurdere dei forslaga som gjeld interkommunale politiske råd. Regionrådet er sjølv organisert som eit interkommunalt politisk råd, og eventuelle endringar i regelverket kan få betydning for rådet si rolle, oppgåver og arbeidsform.

Høyringsnotatet omfattar fleire prinsipielle og organisatoriske spørsmål som bør vurderast nærare. Det kan derfor vere formålstenleg at administrasjonen går gjennom dei foreslåtte endringane, med særleg vekt på konsekvensane for interkommunale politiske råd og for Region Fjordane som samarbeid. På bakgrunn av ei slik vurdering kan regionrådet ta stilling til om det er ønskjeleg å utarbeide og sende ei høyringsuttale innan fristen.



Arkiv: FE-033
JournalpostID: 26/31055
Saksbehandlar: Elisabeth Birkeland
Hatlenes
Dato: 17.06.2026

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
26/024	Fjordane interkommunalt politisk råd	23.06.2026

Rullering av NTP- status på vegprosjekt i Fjordane

Bakgrunn for saka:

Regjeringa startar til hausten arbeidet med rullering av Nasjonal transportplan (NTP), og det er viktig at Region Fjordane tidleg kjem i gang med å forankre regionale prioriteringar og budskap inn mot prosessen. Samstundes er det behov for å få ei samla oversikt over saker og prosjekt som hastar med tanke på statsbudsjettet for 2027. Dette vil danne grunnlag for det vidare arbeidet med Samferdselsløft for Fjordane og regionen sine innspel til nasjonale styresmakter og fylkespolitikken.

Orienteringar i møte:

- E39 Storehaug- Førde v/ Jenny Følling, Sunnfjord
- RV 15 Strynefjell v/ Per Kjøllesdal, Stryn
- E39 Klakegg – Byrkjelo (rassikring) v/
- RV. 5 Erdal- Naustdal (rassikring) v/ Jenny Følling, Sunnfjord

- E39 Byrkjelo- Sandane v/ Arnar Kvernevik, Gloppen
- E39 Lotetunnelen v/ Judith Kvåle
- E39 Vadheimstunnelen v/ Petter Sortland, Høyanger
- E39 Byrkjelo- Svarstad v/ Per Kjøllesdal

Leiar sitt framlegg til vedtak:

1. Regionrådet tek statusorienteringane til vitande
2. Regionrådet ber om at det vert utarbeidd eit utkast til RTP og ein plan for påverknad for prioritering inn mot fylket.
3. Regionrådet ber om at det vert brukt ressursar til å bistå arbeidet med å sikre at E39

Storehaug – Førde kjem inn i statsbudsjettet for 2027.

4. Regionrådet ber om at det vert satt opp tilsvarande sak om vegprosjekt knytt til fylkesvegane.

Fjordane interkommunalt politisk råd 23.06.2026:

Handsaming:

kommentar:

Nokre endringar knytt til punkta i framlegg til vedtak:

- Endre RTP til NTP
- Endre punkt 3 til:
 - 3.1: Lage ein plan for portefølgjestyring for gjeldande NTP
 - 3.2: Utarbeide ei fråsegn om Storehaugen-Førde.
 - 3.3: Sende fråsegn til Samferdselsministeren

FIPR- 26/024 Vedtak:

Framlegg til vedtak i regionrådet:

1. Regionrådet tek statusorienteringane til vitande
2. Regionrådet ber om at det vert utarbeidd eit utkast til NTP og ein plan for påverknad for prioritering inn mot fylket.
3. Lage ein plan for portefølgjestyring for gjeldande NTP
 - Utarbeide ei fråsegn om Storehaugen-Førde.
 - Sende fråsegn til Samferdselsministeren, leiar av transportkomiteen og Stortingsbenken SF
4. Regionrådet ber om at det vert satt opp tilsvarande sak om vegprosjekt knytt til fylkesvegane.

Saksopplysningar:

Regjeringa startar til hausten arbeidet med rullering av Nasjonal transportplan (NTP), og det er viktig at Region Fjordane tidleg kjem i gang med å forankre regionale prioriteringar og budskap inn mot prosessen. Samstundes er det behov for å få ei samla oversikt over saker og prosjekt som hastar med tanke på statsbudsjettet for 2027. Dette vil danne grunnlag for det vidare arbeidet med Samferdselsløft for Fjordane og regionen sine innspel til nasjonale styresmakter og fylkespolitikken.

Historisk har kommunane og regionen i stor grad vore avventande til å utarbeide eit felles strategidokument for samferdsel og samla seg om felles prioriteringar. Mot slutten av 2025 vart det semje om at tida er moden for å utvikle eit Samferdselsløft for Fjordane som kan samle regionen om

felles mål og budskap inn mot nasjonale prosessar. Denne saka er eit ledd i dette arbeidet. Formålet er å gi regionrådet ei samla oversikt over status for aktuelle samferdselsprosjekt, og ei forståing av kvifor dei ulike prosjekta er prioriterte i gjeldande planar og prosessar. Dette er ein viktig del av forankringsarbeidet fram mot rulleringa av Nasjonal transportplan, og det er naudsynt å kome tidleg i gang dersom regionen skal få gjennomslag for sine prioriteringar. Samstundes er dette tidskritisk for enkelte prosjekt, der avgjerder i statsbudsjettet for 2027 kan få stor betydning for vidare framdrift. Gjennomgang og siste status av vegprosjekta vere nødvendig tilleggsinformasjon i møtet.

Vurdering:

Som eit første steg i arbeidet med Samferdselsløft for Fjordane er det behov for å etablere eit felles kunnskapsgrunnlag om dei største samferdselsprosjekta i regionen. Regionrådet bør difor få ei oppdatert oversikt over status, framdrift, finansiering og prioritering av dei prosjekta som er omfatta av gjeldande Nasjonal transportplan og andre nasjonale prosessar. Dette vil gi eit betre grunnlag for å vurdere både kortsiktige og langsiktige prioriteringar i det vidare arbeidet.

Dei ulike samferdselsprosjekta står overfor ulike utfordringar og vil ha behov for ulik form for påverknadsarbeid for å lukkast. Det er difor viktig å etablere ein omforeint strategi for korleis regionen skal arbeide med dei ulike prosjekta og prosessane framover. For prosjekt som ikkje er inne i Nasjonal transportplan, vil det vere viktig med eit målretta arbeid inn mot fylkeskommunen og andre sentrale aktørar for å sikre at dei vert løfta fram og prioriterte i komande rulleringar. For prosjekt som allereie er inne i NTP, vil hovudfokuset vere å sikre tilstrekkeleg planmodenheit, finansiering og framdrift. Dette krev eit aktivt politisk og administrativt påverknadsarbeid opp mot både fylkeskommunale og statlege styresmakter.

Nyleg har to større samferdselsprosjekt hatt behov for ekstraordinær innsats for å sikre nødvendig finansiering og oppstart. Det neste prosjektet som står framfor ein slik kritisk fase, er E39 Storehaug–Førde. Prosjektet er inne i planverket, men er avhengig av finansiering over statsbudsjettet for 2027 for å kunne få framdrift. Dersom finansieringa ikkje kjem på plass, vil prosjektet kunne bli liggjande i kø og bidra til å forseinke moglegheita for å løfte fram nye prosjekt frå Fjordane i komande NTP-rulleringar. Det er difor viktig at regionrådet tek ei aktiv rolle i det vidare påverknadsarbeidet.

Ordføraren i Sunnfjord har teke initiativ til å etablere ei innsatsgruppe etter modell frå arbeidet som Stad, Kinn og Vanylven kommunar gjennomførte for å få realisert Stad skipstunnel. Målet er å samle regionale aktørar om eit koordinert arbeid for å sikre finansiering og framdrift for prosjektet.

Eit sentralt spørsmål i det vidare arbeidet med Samferdselsløft for Fjordane er kva rolle regionrådet skal ha i oppfølginga av dei ulike samferdselsprosjekta. Dei ulike fasane i eit prosjektløp krev ulik innsats, frå å få prosjekt inn på prioriteringslistene, til å sikre planmodenheit, finansiering og gjennomføring. Det vil difor vere behov for å avklare korleis regionrådet skal arbeide med politisk påverknad og mobilisering i dei ulike fasane av NTP-prosessen. Dette gjeld òg prosjekt som ligg på fylkesvegnettet, der påverknadsarbeidet i større grad må rettast inn mot fylkeskommunale prioriteringar og økonomiske rammer.

Region Fjordane omfattar eit stort geografisk område og representerer ein betydeleg del av fylket gjennom talet på kommunar, innbyggjarar og næringsliv. Dette gir regionen ei samla tyngd som det er naturleg å nytte meir strategisk enn det som tradisjonelt har vore gjort. Gjennom eit felles Samferdselsløft for Fjordane kan kommunane stå sterkare saman om prioriteringar, påverknadsarbeid og felles budskap inn mot fylkeskommunale og statlege styresmakter. Dette vil kunne gi større gjennomslagskraft både i arbeidet med Nasjonal transportplan og i andre

samferdselspolitiske prosessar.

I dette møte vil det vere naudsynt med gode og foreinte drøftingar som skal danne grunnlag for eit felles samferdselsløft for Fjordane.